



Verdens beste kommune for naturglade mennesker!

Årsrapport 2018



www.rauma.kommune.no

Innholdsoversikt

1. RÅDMANNENS KOMMENTAR	3
2. VISJON, MÅL OG STRATEGIAR	4
3. POLITISK VERKSEMD	5
4. SAMFUNN	7
SAMFUNNSPLANENS HANDLINGSPROGRAM	7
BEFOLKNINGSVEKST 2018	7
BEDRIFTSVEKST 2018	7
REGIONFORSTØRRING 2018	8
BOLIGVEKST 2018	8
KOMMUNE-NM	8
VIKTIGE HENDINGAR I 2018	9
5. TENESTER	9
MÅL	9
KOMMUNEBAROMETERET	9
ORGANISERING I TENESTEOMRÅDER	10
VIKTIGE HENDINGAR I 2018	11
6. ORGANISASJON	12
LEIING	12
REKRUTTERING	13
LIKESTILLING	13
SAMANLIKNBARE TAL FOR DEI FIRE ÅRA ER HENTA FRÅ RAPPORT I VISMA BI:	13

HELSE- MILJØ OG SIKKERHEIT (HMS)	14
BEDRIFTSELSETENESTE	15
ETISKE RETNINGSLINER	15
KOMPETANSEUTVIKLING	16
FRÅVÆR	16
7. ØKONOMI	17
REKNESKAP DRIFT 2018	17
SKATT OG RAMMEINNTEKTER	19
INVESTERINGAR 2018	21
GJELD OG KOMMENTARAR TIL DEN FINANSIELLE SITUASJONEN	24
ØKONOMISK RISIKO	26
8. REKNESKAP MED ØKONOMISKE OVERSIKTER OG NOTER	27
9. EIGARSKAPSMELDING	53

1. Rådmannens kommentar

No snur det!

Dei siste åra har kommunen hatt ein nedgang i folketal og lokale arbeidsplassar. Denne utviklinga ser no ut til å ha snudd og talet på arbeidsplassar auka med heile 110 det siste året. Siste kvartal 2018 ser vi også at folketalet aukar igjen. Dette gjev ny giv i arbeidet med å realiserer målsettingane i ny samfunnsplan om vekst i arbeidsplassar og antal innbyggjarar.

Det flotte Helsehuset vårt opna våren 2018. Helsehuset er navet i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. I tillegg til institusjonsplassar inneheld bygget dagsenter, frisklivssentral og base for heimetenesten. Kafearialet i første etasje har blitt ein attraktiv møteplass for kommunen sine innbyggjarar. Koordinerande eining er også plassert i bygget og har den viktige oppgåva å tildele tenester i tråd med tildelingskriteria som er vedtekte av kommunestyret. Helsehuset har også endra området ved Stokkekaia til ein ny og attraktiv bydel i Åndalsnes. Det er kjekt å sjå at Helsehusparken og promenaden har blitt fine samlingsplassar.

Innflytting i Helsehuset har også sett sitt preg på den kommunale drifta i 2018. 2018 viste eit stort meirforbruk i drifta av helse- og omsorgssektoren pga manglande kontroll i forkant og under innflytting i Helsehuset. Det er i løpet av hausten gjort eit formidabelt arbeid for å etablere eit driftsnivå i tråd med vedteke budsjett, men det står framleis igjen et godt stykke arbeid. Dette er vår viktigaste driftsutfordring i 2019.

I desember vedtok kommunestyret ny samfunnsplan. Samfunnsplan 2019-2030 byggjer vidare på sentrale element i førre plan, og peikar på vidareutvikling av reiselivsnæringa som ein viktig nøkkel for utvikling av næringsliv og arbeidsplassar i Rauma. Planen slår fast at samordning av aktuelle reiselivsaktørar vil vere sentralt i arbeidet med å styrke reiselivsarbeidet vidare.

I samfunnsplana er det er også gjort vedtak om at FN sine bærekraftsmål skal vere styrande for kommunen sitt arbeid. Vedtak av besøksstrategi for Romsdalseggen, samt ein søknad om sertifisering som berekraftig reisemål skal sikre berekraft og miljøvenlege løysingar. Samfunnsplana slo også fast at visjonen «Verdens beste kommune for naturglade menneske» gjeld vidare. Dette er også ei viktig påminning om at vidare utvikling av reiselivet i kommunen må skje på ein måte som tek godt vare på alle dei naturverdiane som både vi fastboande og turistane set stor pris på.

Åndalsnes 29.03.2018

Toril Hovdenak

Rådmann

2. Visjon, mål og strategiar

”Vi skal bli verdas beste kommune for naturglade menneske”

Visjonen er heile Raumasamfunnet sin visjon. Den har god forankring lokalt og er godt profilert. Den er inkluderande for alle som bur eller gjestar Rauma. Visjonen forpliktar oss i forhold til å ta vare på naturen og vere eit bærekraftig samfunn. Følgjande verdiar er vedteke: **Samarbeidsvillig, Ekte og Raus**. Verdiane seiar at vi SER kvarandre og er Samarbeidsvillige, Ekte og Rause. Tolerant er og eit ord som beskriver verdien Raus. For rapporteringa i årsrapporten for 2018 legg ein til grunn dei måla som vart vedtekne i Samfunnsplan 2014-2025.

Hovudmål	Forklaring
400 innbyggjarar	<ul style="list-style-type: none">• Hovudindikator for eit samfunn sin livskraft er utvikling av folketalet• Rauma har fødselsunderskot, netto, men positiv innanlands flytting og utanlands innvandring• Ei utfordring er å auke talet på kvinner
300 arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none">• Målet er netto vekst i talet på arbeidsplassar. Dette legg eit grunnlag for vekst i folketalet. På sikt er antall arbeidsplassar dimensjonerande for kor mange som vil bo i kommunen• Halvparten av veksten bør komme frå vekst i eige næringsliv – resten frå auka utpendling• To strategidokument ligg til grunn for vekst i arbeidsplassar: Strategisk næringsplan og Strategi for utvikling av reiseliv og handel• Viktigaste strategi for økt pendling er ferjefri Langfjordkryssing
200 bustadar	<ul style="list-style-type: none">• Godt og allsidig tilbod av bustader og bustadtomter er viktig for vekst i folketalet• Kommunen skal ha byggeklare tomter i Måndalen, Åndalsnes, Isfjorden og Åfarnes til ei kvar tid• Kommunen vil samarbeide med private om bustadtomter i andre bygdelag• Ei særlig kommunal oppgåve er å bidra til nok omsorgsbustader, utleigebustader, førsteheimsbustader og bustader for vanskelegstilte


Strategiar

- **Samferdsel og regionforstørring:** Ein hovudstrategi for å bli del av ein større og ekspansivt bu- og arbeidsmarknad
- **Tilflytting og innvandring:** Både for tilbakeflyttarar, norske tilflyttarar og utanlandske innvandrarar må Rauma være attraktivt, med gode jobb- og butilbod – venleg og imøtekommande
- **Næringsvekst:** Rauma har eit sterkt næringsliv, men med svak vekst. Omstilling, knoppskyting og nyetableringar blir viktig framover
- **Reiseliv:** Rauma kommune vil arbeide for at Rauma, Åndalsnes og Romsdal skal vidareutviklast som ein sterk reiselivsdestinasjon – fundert på naturbaserte opplevingar og gode servicetilbod
- **Sentrumsutvikling:** Åndalsnes skal utviklast som ein attraktiv småby – både for kommunen sine innbyggjarar og dei som gjestar kommunen

- **Bygdeutvikling:** Tilrettelegging for vekst og utvikling i bygdene er viktig for å nå kommunen sine overordna mål og ta vare på dei ressursar som er i heile Rauma

3. Politisk Verksemd

Politisk organisasjon



Kommunestyret i Rauma har 27 representantar fordelt på desse gruppene:

- Høgre – 8
- Senterpartiet – 7
- Arbeidarpartiet – 4
- Framstegspartiet – 2
- Kristeleg Folkeparti – 2
- Sosialistisk Venstreparti – 2
- Venstre – 1
- Uavhengig – 1

Ordfører er Lars Olav Hustad (H) og varaordfører er Arne Hop (KrF).

Møteverksemd

- I 2018 hadde kommunestyret i alt 8 ordinære møte, i tillegg til eit ekstraordinært møte i tilknytning til opning av Rauma Helsehus . Kommunestyret behandla i alt 99 politiske saker og 16 spørsmål og interpellasjonar.
- Kommunestyret er Generalforsamling i Rauma Energi. I 2018 ble det gjennomført eit møte i generalforsamlinga.
- Formannskapet hadde 8 møte i 2018 og behandla totalt 112 politiske saker
- Arbeidsmiljøutvalet hadde 4 møte i 2018 og behandla 45 saker.

- Utval for plan og forvaltning hadde 8 møte med 85 behandla saker.
- Kontrollutvalet hadde 5 møte i 2018 og behandla 31 saker.

Overføring av kommunestyre sine møte

Møte i kommunestyret overføres samstundes på kommunen og Åndalsnes Avis sine nettsider. Etter møte er opptaka tilgjengelig på kommunens nettsted.

	2018	2017
Visningar	2 639	4 771
Unike visningar (unike IP-adresser)	745	1 179

Saker

Dei største og viktigaste sakene som vart behandla av dei politiske organa i kommunen i 2018 var:

- Revidert samfunnsplan for Rauma kommune 2019-2030
- Renovasjonen i Rauma - NIR eller RIR
- Omsorgssenter i Måndalen - godkjenning av rammeprojekt
- Interkommunal vaktordning for Barnevern
- Måndalen barnehage - val av tomt
- Etske retningslinjer Rauma kommune
- Måndalen omsorgssenter - godkjenning av forprosjekt
- Tilstandsrapport for grunnskulen 2017
- Rammer og utfordringar - budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022
- Søknad om grensejustering mellom Vestnes og Rauma kommuner - uttale frå Rauma kommune
- Revidering av strategi for busetting og integrering av flyktningar 2018 -2020
- Strategi folkehelse 2018-2021
- Brannvernssamarbeid
- Digital infrastruktur i Rauma - utbyggingsplan
- Rullering samfunnsplan 2019-2030 utlegging til offentlig ettersyn
- Etablering av Astero Rauma AS
- Etablering av stiftinga Romsdalstur
- Val av takseringsmetode - retaksering eiendomsskatt 2019
- Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022
- Tilbakebetaling av lån til Eksportvegen/Tresfjordbrua
- Rullering av handlingsprogram anleggsplan for idrett og fysisk aktivitet 2018 - 2030

4. Samfunn

Samfunnsplanens handlingsprogram

Overordna mål for Raumasamfunnet vedtatt i Samfunnsplanen er omtala i starten av årsrapporten og er knytt til befolkningsvekst, næringsvekst, regionforstørring og boligvekst.

Befolkningsvekst 2018

	2017	2018	Endring	Mål 2025
Folketall	7507	7487	-20	7818

Folketalet i Rauma gjekk ned med 20 personar i 2018. Det var fødd 58 personer i Rauma i 2018, mens det i same periode døyde 87. Dette gir et negativt fødselsoverskot på 29 personar siste år. Den mest positive endringa i befolkningsutviklinga det siste året er at Rauma hadde ein vekst i befolkninga siste kvartal 2018 på 18 personar.

Bedriftsvekst 2018

	2017	2018	Endring	Mål 2025
Lokale arbeidsplassar	3368	3478	+110	3710

Indikatoren for bedriftsvekst har vore utviklinga i talet på lokale arbeidsplassar i Rauma målt gjennom sysselsettingsstatistikken. Tal arbeidsplassar gjekk dramatisk ned i perioden 2014 til 2016 på grunn av «oljekorreksjonen» i økonomien. Det er svært gledeleg å sjå at nedgangen har snudd og at talet på arbeidsplassar i Rauma har auka med 151 frå 2016 til 2018. Den største auken er i bygge- og anleggsverksemd og personleg tenesteyting, den største nedgangen finn ein i jordbruk, skogbruk og fiske.

Etter fleire år med nedgang auka talet på sysselsette i befolkninga med 91 personar frå 3657 til 3748.

Regionforstørring 2018

	2017	2018	Endring
Tal utpendlarar til resten av fylket	500	459	-41

Talet på utpendlarar frå Rauma til nabokommunane er redusert med 41 personar frå 2017 til 2018. Utpendlinga til Molde er auka med 9 til 260 personar. Pendlinga til Ålesund er halvert siste året og er no på 30 personar. Utpendlinga til Vestnes er 98 personar, om lag uendra frå året før.

Boligvekst 2018

	2017	2018	Endring	Mål 2025
Godkjente boeiningar	15	21	+6	200

Talet på godkjente boeiningar i 2018 var 21. Av desse var 17 leiligheter. Boligbygginga svingar mykje frå år til år og talet på godkjente boeiningar dei fire første åra i handlingsprogrammet 2014 - 2017 er på heile 131 bustader dvs. at ein er over halvvegs til målet om 200 nye bustader fram til 2025.

Rauma er ein stor hytte-kommune og det kan leggest til at ein i tillegg til 21 boligar godkjente bygging av 7 hytter i 2018.

Kommune-NM

For å samanlikne samfunnsutviklinga i Rauma med utviklinga elles i landet, kan ein sjå til statistikkgrunnlaget som kvart år blir lagt fram av NHO kalla Kommune-NM. Her er kommunene rangert innanfor fem ulike område.

Område	2017	2018	Endring
Næringsliv	106	88	+18
Arbeidsmarknad	287	103	+180
Demografi	233	230	+3
Kompetanse	125	121	+4
Kommunal økonomi	232	224	+8
Samla rangering	192	124	+50

Rauma plasserer seg no på ein 124. plass av 422 kommunar. Dette er ein markert framgang på 50 plassar sidan 2017. Det er framgang på alle indikatorar i målinga, men den største framgangen er knytt til indikatoren arbeidsmarknad med ein framgang på 180 plassar siste året. Denne indikatoren baserer seg på opplysningar om sysselsetjing, sjukefråver, uføre og arbeidsledige.

Viktige hendingar i 2018

- Næringsprisen 2018 tildelt Edmund Meyer
- Kulturprisen 2018 gikk til Thomas Trana
- Frå hausten 2018 er fergesambandet over Langfjorden trafikkert av to ferger
- Tilgjengelighetsprisen for 2018 blir tildelt Kjell Peder Gyldenskog
- Helsehuset og helsehusparken blir opna
- Nato-øvelsen Trident Juncture satte sitt preg på Rauma
- Ferdigstilt skredsikring E136 Dølsteinsfonna og Fantebrauta
- Opning av ny trafikkstasjon i Romsdalen
- Innfjordtunnellen blir opna etter ein lang periode med rehabilitering
- Rauma kommune vedtar ny samfunnsplan
- Alle innbyggjarane i Rauma har fått gateadresse

5. Tenester

Mål

Vedtatte mål for kommunen sin tenesteproduksjon er:

Overordna mål	Rauma kommune skal yte tenester til sine brukarar i samsvar med brukarane sine behov og rettar	
Mål	Brukarane skal ha tilpassa tenester	System sikrar og måler god kvalitet

Tenestekvalitet krev eit internkontrollsystem som måler avvik i høve til fastsette normer og prosessar. Vi har hatt ei positiv utvikling på området, men har fortsatt eit stykke veg å gå for å nå eit tilfredsstillande nivå på overordna tenestenivå. Systemet blir fortsatt for lite brukt til å rapportere avvik på tenestekvalitet. Ein viser også til rapport frå internkontrollsystemet i organisasjonskapitlet.

Det er oppretta brukarråd for kvart tenesteområde. Desse råda bidreg til å betre brukartilpassing og sikring av tenestekvalitet.

Som vedlegg til årsrapporten er det utarbeidd rapport frå kvart av kommunen sine seks tenesteområde. Her har tenesteområda rapportert på dei mål som vart sett i strategien for kvart av områda i samband med budsjett og økonomiplan 2018-2021.

Kommunebarometeret

Kommunebarometeret viser Rauma sin relative plassering blant landets kommunar når det gjelder «kvalitet og omfang» av tenesteproduksjonen. Utviklinga frå 2017 til 2018 går fram av tabellen nedanfor:

	2017	2018	Endring
Grunnskole	146	114	+32
Pleie og omsorg	397	274	+123
Barnevern	169	347	-178
Barnehage	389	370	+19
Helse	220	367	-147
Sosial	74	177	103
Kultur	304	295	+9
Økonomi	393	423	-30
Kostnadsnivå	78	81	-3
Miljø og ressursar	152	113	+39
Saksbehandling	43	42	+1
Vann, avløp og renovasjon	272	125	+147
Totalt	282	323	-41

(basert på Kostra og rekneskapstal i frå 2017)

43% av nøkkeltala viste framgang frå i fjor og vi plasserer oss på ein 323. plass justert for inntektsnivå. Vi hadde ein tilbakegang på 41 plassar samanlikna med i fjor. På områda kostnadsnivå og saksbehandling er vi blant dei 100 beste kommunane i landet. Samstundes er økonomien eit av dei svakaste nøkkeltala våre på grunn av eit nær tomt disposisjonsfond og høg renteeksponering. Rauma kommune har sine svakaste plasseringar innan økonomi (423. plass) , barnehage (370. plass) og helse (367. plass). Barnehage hadde ein framgang på 80% av nøkkeltala i 2018.

Organisering i tenesteområder

Kommunens tenesteområde er:



Formålet med tenesteorganisering er å få til tettare samarbeid, betre kompetansedeling og meir effektiv drift mellom tenester som er nærståande og rettar seg mot om lag same målgruppe av brukarar.


Viktige hendingar i 2018

- Opning av Rauma Helsehus og samling av dei fleste tenestene i helse og omsorg
- Promenade og parkanlegg på Stokkekaia blir ferdigstilt
- Rauma taper rettsaka om helsehuset i tingretten, men vinn saka fullt ut etter anke til lagmannsretten
- Rauma sjukeheim blir solgt
- Tilstandsrapporten for grunnskolen er lagt fram for kommunestyret
- Velferdsteknologi innført i Helsehuset, arbeidet blir starta opp for heimetjenesten
- Det er vedtatt ny samfunnsplan 2019-2030
- Pårørendeskole ifht demente er etablert
- Tomt valgt for barnehage i Måndalen
- Rauma kommune ved flyktningetjenesten åpner BAZAR - en kommunal pop up-butikk
- Nye tjenesteområdeledere er tilsett; Kristian Skålhavn (Helse og omsorg), Aina Øyen Henden (Skole) og Tom Erik Rødven (Utbygging)
- Gjennomført tilsyn om kommunal beredskapsplikt
- Betydelig oppgradering av 5 tidlegare private vassverk.
- Vi innfører KS Læring, ein ny digital læringsarena
- Vi gir svømmeopplæring til alle 5-åringar i barnehage
- Ny 10-fakturundersøkelse gjennomført – framgang for alle tenesteområde
- Første deltakar i kommunen sitt introduksjonsprogram gjekk ut i 100% fast jobb etter avsluttet program
- Rauma er deltakar i ny, interkommunal barnevernvakt
- Folkehelsestrategi vedtatt av kommunestyret
- Rauma gjer vedtak om å delta i interkommunalt legevaktsamarbeid
- Tilbudet Rask psykisk helsehjelp blir etablert
- Frivilligsentralen og biblioteket har hatt kurs i grunnleggjande dataopplæring med 30 deltakarar

6. Organisasjon

Leiing

Overordna organisasjonskart



Kristian Skålhavn begynte som helse og omsorgssjef 05.06.18, Aina Øyen Henden som skolesjef 02.07.18 og Tom Erik Rødven som utbyggingssjef 11.08.18.

Mål og resultat

Overordna mål	Rauma kommune skal vere ein profesjonell og framtidsretta organisasjon å jobbe i			
Mål	God leiing	Kompetente medarbeidarar	Lavt sjukefråvær	Heiltid
Korleis lykkast	Leiarutvikling og leiaroppfølging	Rekruttere, utvikle og mobilisere tilsette sin kompetanse mot oppgåvene	Auka innsats og fokus på årsakene til sjukefråværet	Organisere verksemdene basert på heile stillingar
Korleis måle	Faktor 5 – Mestringsorientert leiing	Faktor 4 – Bruk av kompetanse	Samla sjukefråvær Visma HRM - BI	Tilsette heiltid av totalt tal på tilsette
Status 2017	3,6	4.1	9,06 %	42 %
Mål 2018	3,9	4.2	8,0 %	44 %
Resultat 2018	3,8	4,2	7,61 %	42 %

Medarbeidarundersøking

I 2016 gjennomførte Rauma kommune KS si medarbeidarundersøking 10 – Faktor. Undersøkinga byggjer på forskning om kva som er viktige innsatsfaktorar for å oppnå gode resultat i forhold til organisasjonen sine mål og kvalitet på tenestene. Same undersøking blei gjennomført på nytt i 2018. Samla sett viser gjennomsnittet ei betring av faktorane i Rauma i forhold til 2016. Dei to faktorane vi i 2016 skåra lavast på, er mellom dei to med gjennomsnittleg størst forbetring i 2018. Elles er vi ikkje så ulik landsgjennomsnittet og andre kommunar som vi ofte trur.

Rekruttering

Vi har kompetente søkjarar til dei fleste stillingar, men med noko variasjon i forhold til dei ulike tenestemråda. Rekruttering av mellom anna barnehagelærarar og sjukepleiarar kan vere krevjande. Leiarstillingar er det generelt få søkarar til. Reduksjon i talet på deltidsstillingar blir gjort der det er mogleg og ønskeleg. Tilsette i midlertidige stillingar med rettar etter Arbeidsmiljølova får faste arbeidsavtaler når det er grunnlag for det.

Rauma kommune har gjennom mange år satsa på lærlingordninga som ein viktig del av vårt rekrutteringsarbeid. Ved årsskiftet var 15 lærlingar under aktiv opplæringskontrakt. Lærlingane blir følgt opp av Rauma og Vestnes opplæringskontor. Ved førre årsskifte var det 13 lærlingar under aktiv opplæringskontrakt.

Likestilling

Samanliknbare tal for dei fire åra er henta frå rapport i Visma BI:

	2015	2016	2017	2018
Årsverk totalt	532	532	562	591
Tilsette totalt	735	717	749	778
Tilsette, menn	168	157	166	172
Tilsette, kvinner	567	550	583	606
Tilsette, heiltid totalt	296	299	322	331
Tilsette, heiltid menn	82	81	82	82
Tilsette, heiltid kvinner	214	218	240	249
Tilsette, deltid totalt	439	418	427	447
Tilsette, deltid menn	86	76	84	90
Tilsette, deltid kvinner	353	342	343	357
Brann deltid m.m.	42	42	35	36
Brannbefal (deltid)	4	4	4	4
Leiarar	34	46	54	48
Leiarar, menn:	12	17	17	16
Leiarar, kvinner:	22	29	37	32

Talet på årsverk har auka med 29 tilsvarande 5 % i forhold til 2017. Dei fleste årsverka er innan Helse og omsorg. 78 % av kommunen sine tilsette er kvinner. Kvinneandelen leiarar i kommuneorganisasjonen er 67 %.

Talet på kvinner tilsett på heiltid har ein auke samanlikna med 2017. Samstundes har også tala for kvinner som arbeider deltid auka. Det er ei målsetting å få fleire kvinner over i heiltid gjennom ein fleksibel personalpolitikk og med utviding av stillingar. Både erfaringsbasert og kunnskapsbasert viser dette seg vanskeleg utan at ein samtidig set fokus på arbeidstidsordningane innan turnusyrka. Nye arbeidstidsordningar er no sett på dagsorden og vil i 2019 bli utprøvd innan institusjonsdrift i Helsehuset. Dette vil også redusere det samla talet på tilsette. Når det gjelder menn og deltid utgjer brannkorpset nær halvparten av talet.

Som ein del av kommunen sitt bedriftsinterne attføringsarbeid er fleire personar omplassert i stillingar i 2018. Vår satsing med å tilby og legge til rette for at tilsette med redusert arbeids- og funksjonsevne kan fortsette i arbeidslivet er ein sentral del av vårt arbeid for å fremme likestilling og integrering, og å motverke diskriminering.

Internkontroll (IK)

Internkontroll er kommunen sitt verkty etter kommunelova for å identifisere svakheiter og brot på lovkrav i tenestene. Det web-baserte IK systemet har same portalløysing som HMS systemet. Internkontrollen er under utvikling der ein også i 2018 har lagt vekt på opplæring og innlegging av prosedyrar og rutinar knytt til tenesteyting. Meldte avvik blir handtert og lukka av verksemdsleiar. Lukking av avvik kan mellom anna skje gjennom endring av prosedyrar, opplæring, informasjon eller andre kvalitetsforbetrande tiltak. I 2019 planlegg ein saman med dei andre ROR-IKT kommunane å gå ut på anbod for anskaffing av felles IK/HMS system.

Avvik IK	Meldte avvik	Ikkje starta	Starta	Fullført
2016	107	19	9	79
2017	283	97	14	172
2018	300	46	15	239

Helse- miljø og sikkerheit (HMS)

Rauma kommune har eit web-basert system for handtering av helse- miljø- og sikkerheitsarbeid (HMS). I HMS-systemet sitt årshjul finn ein det systematiske arbeidet som skal gjennomførast i verksemdene for å imøtekomme krava i Arbeidsmiljølova.

Alle verksemdar skal utarbeide tiltaksplan og gjennomføre vernerunde. I tillegg får alle verneombod og verksemdar tilbod opp HMS opplæring. Kor ofte ei verksemd skal gjennomføre risikovurdering er ein del av ROS analysen.

HMS krav	Verneområde som har gjennomført krav 2018	Av samla tal på verneområde
Vernerunde	24	27
Utarbeida tiltaksplan/handlingsplan	24	27

Avvik HMS	Meldte avvik	Ikkje starta	Starta	Fullført
2016	34	15	3	16
2017	78	28	5	45
2018	108	66	10	32

Bedriftshelseteneste

Rauma kommune har avtale med Stamina Helse om levering av ein fast pris grunnpakke HMS og ein pakke med tilleggstenester som er bestilt spesifikt. Bedriftshelsetenesta møter fast i Arbeidsmiljøutvalet.

Digitalisering

- Ny heimesida er innført ved årsskiftet 2018/2019. Dette opnar opp for at publikum no kan søkje elektronisk på mange kommunale tenester.
- Frå same tid blei også eit nytt og forbetra intranett innført, og som gjer det lettare for tilsette å hente informasjon og kunne orientere seg i organisasjonen.
- I forbindelse med bygging av Helsehuset er det satsa tungt på innovativ velferdsteknologi. Rauma kommune er blant de fremste i landet på utprøving av sensor- og robotteknologi innan denne type bygg.
- Det må også nemnast at Rauma kommune over ei tre års periode digitaliserer byggesaks- og landbruksarkivet. Dette arbeidet er planlagt ferdigstilt i 2019 og vil gje gevinstar både for innbyggjarar, næringsliv og kommune ved at all dokumentasjon då vil vere digital.
- Sentralt i 2018 er også innføring av digital fråværsmelding og digital sjukemelding gjennom NAV. Dette arbeidet er ganske omfattande for alle parter.

Etiske retningslinjer

Etikk er å halde seg redelig til eit verdigrunnlag, både sitt eige og det verdigrunnlaget som gjeld i organisasjonen. Som ein open organisasjon er kommunen sitt omdømme avhengig av innbyggjarane sin tillit. Tilliten blir svekka ved mistanke om til dømes korrupsjon, lovbrøt, maktmisbruk eller liknande handlingar. For kommunen som verksemd er det derfor i tillegg til det som følger direkte av lover og regler, vedtatt nye og eigne etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i 2018. I tillegg er det i 2018 vedtatt eigen varslingsplakat. Det er ikkje avdekt alvorlege brot på dei etiske retningslinjene. Det er behandla ei varslings sak i 2018.

Kompetanseutvikling

Rauma kommune ønskjer å arbeide systematisk og strategisk med kompetanse for lettare å behalde, utvikle, rekruttere og nytte rett kompetanse. Tilsette med rett kompetanse er med på å sikre at kommunen leverer gode tenester. Med dette som bakteppe har verksemdene utarbeidd og vedtatt strategisk kompetanseplanar. Strategisk kompetansestyring inneber planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak for å sikre organisasjonen og den enkelte medarbeidar nødvendig kompetanse for å nå definerte mål.

I 2018 har vi satt i gang eit oppstartprogram for nytilsette leiiarar for raskt å gjere desse kjent med organisasjonen, våre verdiar og retningslinjer.

Til opplæringstiltak blei det i 2018 brukt ca. 2,1 millionar kroner. Midlane kjem frå kommunale løyvingar og frå øyremerka midlar innan helse og omsorg og oppvekst, samt midlar som vi har fått gjennom spesifisert søknad.

Fråvær

Visma HRM – intern statistikk sjukefråvær

Sjukefråværet i Visma HRM viser faktisk sjukefråvær og er ikkje ein bearbeida statistikk slik som den sentrale statistikken frå KS. Tala for 2016 og 2017 er nye rapportar henta frå samanliknbar organisering.

	Legemeldt fråvær	Eigemeldt fråvær	Samla fråvær
2016	8,55 %	1,23 %	9,78 %
2017	7,71 %	1,35 %	9,06 %
2018	6,97 %	0,63 %	7,61 %

I 2018 starta vi ei eiga satsing på reduksjon i sjukefråværet saman med NAV og KS. Satsinga (NED) har særleg fokus på avdelingane innan helse og omsorg og barnehage der sjukefråværet er høgast. Sjukefråvær og oppfølging av er tema i kvart møte i Arbeidsmiljøutvalet , i dei faste leiarmøte og i det månadlege møtet mellom rådmann og Hovudtillitsvalte/Hovudverneombod.

I all hovudsak er det dei langtids sjukemeldte som utgjer fråværet i statistikken. Sjukefråværet i 2018 utanom arbeidsgivarperioda utgjer 4,65 % og sjukefråvær i arbeidsgivarperiode på 2,95 %. I KS sin statistikk var vi i 2018 under landsgjennomsnittet.

7. Økonomi

Rekneskap drift 2018

Rekneskapen viser balanse etter strykningar, men driftsutgiftene auka med 8% medan driftsinntektene auka med 6%. Brutto driftsresultat var på 0,2 mill. mot 14,2 mill. i 2017. Sum driftsutgifter vart 667 millionar kroner i 2018, medan sum finansutgifter var på 34,5 millionar kroner. Netto driftsresultat var på 3,5 millionar kroner mot 14,5 millionar kroner i 2017.

Tenestemåla hadde samla 16 millionar kroner i meirforbruk i 2018. Det er særleg i Helse og omsorg og Helse og velferd vi har hatt store utfordringar i 2018. Ekstraordinær høg skatteinngang mot slutten av året, auka kraftsalsinntekter, lågare pensjonskostnader og mindreforbruk i dei andre tenestemåla gjorde likevel at rekneskapen viser balanse.

Overordna mål	Rauma skal ha en bærekraftig kommunal økonomi			
Mål	Rauma kommune skal gå med overskudd hvert år	Ha reserver til å tåle renteøkning og uforutsette hendelser	Netto finansutgifter skal være rimelige og forsvarlige	Driften skal være kostnads-effektiv
Hvordan lykkes	Alle enheter må tilpasse driften til tildelt budsjett-ramme	Sette av til disposisjonsfond	Økte låneopptak må finansieres med innsparinger i driften	Kostnader må synliggjøres og sammenlignes i alle tjenester
Hvordan måle	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	Netto finanskostnader i prosent av brutto driftsinntekter	Produksjonsindekser fra TBU
Status 2017	2,4%*	1,9% (12,1 mill)*	3,2 %	104 (2016 tall)
Ambisjon 2020	Minimum 1,75 %	30 mill.kr.(4,7%)	Maksimum 5 %	Over 110
Resultatmål 2018	0,55 %	0,7% (4,5 mill)	4 %	111
Måloppnåelse	0,9%	1,8% (12,1 mill)	3,8%	108,6 (2017 tall)

* hvorav disp. fond knyttet til Flyktning var 6 mill 31.12.2017 og 4,1 mill. pr. 31.12.2018.

Resultatet er under målet for 2018 som var et overskot på 4,5 millionar kroner som skulle settast av på fond. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi meiner at netto driftsresultat bør ligge på 1,75% av brutto driftsinntekter. For 2018 vart dette viktige nøkkeltalet vesentlig lågare for Rauma kommune med 0,9% av brutto driftsinntekter. Det er ei forverring frå 2017. Målet for 2018 var imidlertid berre 0,55%, på grunn av den utfordrande omstillinga vi no er inne i for Helse og omsorg. For økonomiplanperioden er målet 1,75%. For vår Kostragruppe 11 vart resultatet 1,5%. For landet utanom Oslo, var netto driftsresultat 2,1 prosent av brutto driftsinntekter etter rapporteringa per februar.

1,8% i midlar avsett til disposisjonsfond er lågare enn det som er nødvendig for å kunne handtere større uforutsette utgifter. Ved inngangen til 2018 sto 12 millionar kroner på disposisjonsfond, av dette var 6 millionar sett av til integreringsmidlar for flyktningar. Per 31.12.2018 står fortsatt 12 millionar kroner på disposisjonsfondet, og av dette er 4 millionar integreringsmidlar.

Målet om maksimum 4 % i netto finansutgifter i 2018 vart nådd, med 3,8% av brutto driftsinntekter, tilsvarande 21,5 millionar kroner. For 2017 var dette talet 3,2%.

Produksjonsindeksen auka basert på 2017 tala, men utviklinga i tenesteområdene tyder på at dette ikkje vart vidareført i 2018. Eit meirforbruk på tenesteområda på 16,1 millionar kroner, som er 3,5% over budsjett, er ei klar forverring i frå 2017.

Lønnskostnader utgjer om lag 71 % av kommunen sine kostnader. Lønnskostnadene auka med 6,6% samanlikna med 2017, medan gjennomsnittlig årslønnsvekst frå 2017 til 2018 for tilsette i KS-tariffområde er rekna til 2,8%.

I tillegg til høgare inntekter frå skatt har også 4 millionar kroner i lågare netto premieavvik på pensjonar, 2,3 millionar kroner meir i kraftinntekter og 2 millionar meir i renteinntekter bidratt til resultatet. Utbetalinga frå havbruksfondet på 4,5 millionar kroner var også eit godt bidrag.

Grunna Husbanktilskotet på 156 millionar kroner og gaver/tilskot på til saman 23 millionar kroner vart gjelda redusert i 2018, etter å ha hatt ein kraftig vekst dei seinare åra. Eigenfinansieringsgraden vart uvanlige 94%. Langsiktig lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter vart redusert frå 136,6% i 2017 til 122,6% i 2018. Dette er likevel høgt, då snittet i landet unntatt Oslo er 104,1%.

Ved å avgrense avdraga til minimumsavdrag har vi så langt dempa effekten på driftskostnadene. Framover vil effekten av seinare års investeringar gje ei netto auke i minimumsavdrag med om lag 3 millionar kroner i 2019 og ytterlegare 2 millionar i 2020. Det betyr at drifta må reduserast med 5 millionar kroner i 2020 som følgje av auka finanskostnader. I tillegg kjem konsekvensane av ei eventuell renteauke.

Risikoen ved høg gjeld er sårbarheit knytt til reduksjonar i inntekter eller auke i rentenivået. Om utsiktene til folketalsvekst er svake og rentenivået stig, blir gjeldsbyrden tyngre å bere. Det historisk låge rentenivået, og auka bruk av sertifikatlån, har bidratt positivt til å halde finanskostnadene relativt låge. Vår netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter er 69%, mot 42,5% i landet utenom Oslo. Netto gjeld bør fortsatt reduserast med tanke på den varsla renteoppgangen.

For at formuen ikke skal bygges ned må investeringene i realkapital fratrukket gjeldsauken vere minst like stor som kapitalslitet. For 2018 har vi hatt ei positiv utvikling i formuen, då gjelda kun har auka med videreformidlingslåna, og realkapitalen har auka med 149 millionar kroner, medan avskrivningane var på 25 millionar kroner.

Skatt og rammeinntekter

I sum auka skatt og rammetilskot med 3,1% i frå 2017 til 2018. Vi fekk ein uventa høg skatteinngang på 9,4 millionar kroner meir enn budsjettt. Dette skuldast i hovudsak skatteåret 2017 som vart endelig avrekna i november. For stor avsatt margin til å betale tilbake skatt, er ei av forklaringane.

Utjamninga av skatteinntekter mellom kommunar skjer i etterkant, og endelig utjamning kom i februar 2019. Denne ga eit trekk mot slutten av året, og utjamninga vart 5,4 millionar kroner mindre enn budsjettt. Netto meirinntekt knytt til skatt vart dermed 4 millionar kroner. I KS sin prognosemodell ventar dei eit fall i skatteinntekt i 2019.

Veksten i skatteinngang inkl. naturressursskatt var på 7,8%, mot 3,8% som landsgjennomsnitt. Revidert nasjonalbudsjett hadde eit anslag på 1 %. Skatteoppkreveren i Rauma kommune har sær gode innkrevjingsresultat. Dei har klart alle skatteetaten sine resultatkrav og ligg over lands- og regionsresultat på alle krav.

Eigedomsskatten vart redusert med 3,1 %, etter ein reduksjon i skatten på boliger frå 2017 til 2018 på 0,5 promille (til 6,5 promille). Eigedomsskatten på verk og bruk var fortsatt 7 promille i 2018, og auka med 0,7 millionar kroner i 2018 til 5,7 millionar, men er fortsatt mykje lågare enn i 2013 då den låg på 9,8 millionar kroner. Med høgare kraftprisar vil denne gradvis auke framover.

RAUMA						Endring	KS	Vedtatt
						fra 2017	PROGNOSE	Budsjettt
1000 kr	2014	2015	2016	2017	2018	i prosent	2019	2019
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	169 455	167 603	169 310	174 962	178 301	1,9 %	184 977	
Utgiftsutjevning	30 522	36 677	33 903	33 396	34 496	3,3 %	30 168	
Overgangsordning - INGAR	-456	-474	3 155	-613	-537	-12,3 %	2 282	
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og aravg)	441	735	1 132	1 564	1 417	-9,4 %	1 619	
Distrikstilskudd Sør-Norge	6 133	3 181	1 635	3 739	5 613	50,1 %	5 771	
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.	377	255	30	30	330	1000,0 %	130	
Skjønn - tap endringer av inntektssystemet 2011	1 400	1 400	1 400					
Ekstra skjønn tildelt av KMD inkl. ufrivillig alene kommuner, infrastruktur, bosetting enslig mindreårige og retaksering prod.utsyr mv			-	92	417	353,7 %	-	
Budsjettvedtak 2018 Stortinget - endringer ekskl skjønn					183			
RNB 2018/Nysaldering 2018 - endringer i rammetilskudd					101			
Budsjettvedtak på Stortinget							-317	
Endringer saldert budsjett 2014 - 2017	-852	-345	1 002	-587		-100,0 %		
RNB 2012-2017, samt Dok8:135 S (2014-15)	221	1 425	-	434		-100,0 %		
Sum rammetilsk uten inntektsutj	208 854	210 457	211 567	213 018	220 321	3,4 %	224 630	224 630
"Byklettreet"								
Netto inntektsutjevning	6 491	8 995	19 968	18 412	10 831	-41 %	17 188	18 704
Sum rammetilskudd	215 344	219 452	231 536	231 430	231 152	-0,1 %	241 818	
	3	1,9						
Skatt på formue og inntekt	173 016	177 886	183 416	192 778	207 857	7,8 %	199 743	200 216
Skatteinntekter - endring i %	3,02	2,8	2,8	5,10	7,82		-3,90	
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	22 247	21 489	25 094	26 435	25 608	-3,1 %	28 200	28 200
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	410 607	418 827	440 046	450 643	464 617	3,1 %	469 800	471 750
Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen	3 570	5 120	760	635	8 130		-	

Kjelde: KS prognosemodell (14.03.2019) og vedtatt budsjett.

Tenesteområda

	Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per	Avvik i %	Regnskap	Avvik i %
1000 NOK	2018	2018			2017	fra 2017 til 2018
POLITISK STYRING OG KONTROLLORGANER	4 347	4 373	-26	-0,6 %	4 477	-2,9 %
SENTRAL ADMINISTRASJON	22 085	25 939	-3 854	-14,9 %	25 600	-13,7 %
KULTUR	14 438	14 884	-446	-3,0 %	11 501	25,5 %
KIRKEN OG RELIGIØSE SAMFUNN	5 711	5 693	18	0,3 %	5 546	3,0 %
BARNEHAGE	57 216	57 755	-539	-0,9 %	54 534	4,9 %
SKOLE	103 938	104 585	-647	-0,6 %	96 990	7,2 %
HELSE OG VELFERD	46 712	43 245	3 468	8,0 %	39 219	19,1 %
HELSE OG OMSORG	192 370	172 044	20 327	11,8 %	169 059	13,8 %
UTBYGGING	33 206	35 439	-2 233	-6,3 %	37 722	-12,0 %
SUM	480 023	463 957	16 068	3,5 %	444 648	8,0 %

Tenesteområda hadde eit meirforbruk på 16 millionar kroner, eller 3,5% meir enn budsjett. Helse- og omsorg og Helse og velferd hadde eit vesentleg meirforbruk og auke samanlikna med 2017, medan administrasjon og Kultur og Utbygging hadde eit vesentleg mindreforbruk (meir enn 3%). Netto utgift fordelt på einingane auka med 8% samanlikna med fjoråret.

Kommentar til avviket i dei ulike tenesteområda:

- Administrasjon: Gevinsten frå sal av konsesjonskraft vart 2,3 millionar kroner høgare enn venta i budsjett, og ROR IKT enda opp med å bruke 0,8 millionar kroner mindre enn budsjett.
- Barnehage, Kultur og Skole kom ut med eit mindreforbruk som skuldast tiltak som til dømes mindre bruk av vikarar, halde stillingar vakante og reduserte kursutgifter.
- I tillegg til reduserte kostnader gjennom stillings- og innkjøpsstopp, og ein reduksjon i vedlikehald, har Utbygging hatt 1 mill. i mindreutgift på snøbrøyting.
- Helse- og Velferd enda opp med eit meirforbruk på 8%. Årsakene er fleire. Færre flyktningar enn lagt til grunn i budsjett ga mindre inntekter til Flyktingetenesten. I tillegg hadde tenesten auka kostnader til omplasseringer av barn gjort av barnevernet, auke i utbetalingar av sosialstønad, samt dobla satser for løn avlastarar etter ein dom i høgsterett.
- Helse- og omsorg fikk ei sterk auke i kostnader våren 2018. I frå april til mai auka lønskostnadene med 18%. Ein stor del er knytt til ei auke i turnus og årsverk ved innflytting i nytt Helsehus, utan at dette vart motsvara av tilsvarande kutt i andre delar av tenesteområdet, eller ved reduksjon i variabel løn. Plana om meir enn tilsvarande reduksjon i vikarbruk vart vanskelig å gjennomføre. Å flytte inn i Norges mest moderne helsehus og å være pilot på ny velferdsteknologi ga ekstra utfordringar. Å lande dei mange prosjekta tok stor fokus og kapasitet for leiinga. I heimebasert omsorg ga auka oppgåver og ei auke i faste tilsette eit meirforbruk ut over budsjett. Mangel på sjukepleiarar har medverka til meirforbruket med kostnader til innleie, utvida bonusordning for å ta ledige vakter og bruk av vikarbyrå. I siste halvdel av 2018 vart det gjennomført tiltak som så langt har redusert talet på tilsette med 12-13 årsverk. Lønskostnadene i desember var 2,5 millionar kroner

lågare enn toppmånaden august 2018. Omlegginga tek tid, og ei rekke av tiltaka får effekt først i 2019. Tiltak som blir gjennomført er:

- Endra arbeidstidsordning i institusjon (i 2019)
- Endra arbeidstidsordning i heimetenesten (i 2019)
- Reduksjon i bruk av vikarbyrå
- Arbeidet med prosjekt jobbglidning (sjukepleier vs. helsefagarbeideroppgaver - i 2019)
- Omsorgstrappen – etablering av tenester på dei lågare nivåa (i 2019)
- Større merksemd på og oppfølging av økonomi (rutine og mnd. møter)

Tjenesteområde	Mer-/mindreutgift 2018 (mill. kr) sammenlignet med		
	Lands- gjennomsnittet	«Normert og utgiftsnivå»	«Normert og inntektsjustert nivå»
Barnehage	-7,5	-2,3	-3,1
Administrasjon	2,5	0,7	0,3
Landbruk	1,1	-0,4	-0,4
Grunnskole	-2,1	-6,6	-7,7
Pleie og omsorg	61,0	19,7	18,2
Kommunehelse	2,3	-1,0	-1,3
Barnevern	-7,2	-3,8	-4,0
Sosialtjeneste	-6,1	-0,4	-0,6
Sum	43,9	5,7	1,5

Kjelde: Telemarksforsking

